

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)  
Postboks 5091  
Majorstua  
0301 Oslo

Bergen, 30. januar 2015

## Krav om revisjon av 050.Z Eidfjordvassdraget

**FNF Hordaland** er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland. Formålet er å styrke organisasjonane sitt arbeid med å ta vare på natur- og friluftslivsinteresser i aktuelle saker i fylket. Følgjande organisasjonar har slutta seg til FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag, Naturvernforbundet Hordaland, Noregs Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Hordaland Fylkeskystlag, Norsk Botanisk Foreining Vestlandsavdelinga og Syklistanes Landsforeining Bergen og omegn. Organisasjonane i FNF Hordaland representerer totalt over 36.000 medlemskap.

**Med heimel i Vassdragsreguleringslova og på vegne av allmenne interesser i Hordaland, stiller me hermed krav om revisjon av gjeldande konsesjonar for 050.Z Eidfjordvassdraget.**


### Grunngjeving for krav om revisjon:

Eidfjordvassdraget har særst stor verdi som laksevassdrag, med sin bestand av storlaks. Situasjonen for laksestammen i Eidfjordvassdraget har i mange år vore, og er framleis, kritisk. Vassdraget har ein bestand med sjøaure som er redusert (kategorisert som "hensynskrevjande" i Lakseregisteret).

Det er svært redusert vassføring i Eidfjordvassdraget i dag, og vasskraftsutbygging er vurdert som avgjerande for den negative utviklinga av laksebestanden. Manglande minstevassføring vinterstid er ein flaskehals for produksjon av anadrom fisk i vassdraget, mellom anna på grunn av at lav vassføring fører til redusert gyteareal, tørrlegging og frysing av egg. Redusert vassføring har også gjeve problem for smoltutvandringa og oppvandring av gytefisk.

I tillegg til store verdier for fisk og fiske har Eidfjordvassdraget vesentlege landskapsverdiar, med mellom anna Vøringsfossen som turistattraksjon og landskapselement, og Skykkjedalsfossen i Sima som ein av Noregs 10 høgste fossar. Fleire av magasina i Eidfjordvassdraget grenser opp mot Hardangervidda nasjonalpark og Skaupsjøen/Hardangerjøkulen, som er nasjonalt viktige friluftsområde med mellom anna fleire DNT (Den Norske Turistforeining) rute- og hyttenett.

Det er to konsesjonar i Eidfjordvassdraget som kan revideras innan år 2022, og konsesjonær er Statkraft Energi AS. Vi er kjend med at konsesjonæren arbeider for å sikre forholda for laks og sjøaure innafør ramma av føresegna i gjeldande konsesjon, og det er i den samanheng gjennomført ei rekke fiskebiologiske undersøkingar i vassdraget sia tidleg 2000-talet.



forum for  
natur og  
friluftsliv

Når det no opnas for at gjeldande vasskraftkonsesjon kan revideras, er det naturleg å gjennomgå eksisterande kunnskap som føreligg og eventuelt innhente ny kunnskap, for å vurdere om ein kan gjere endringar ved gjeldande konsesjon som vil betre miljøforholda i vassdraget. Det bør også vurderas om ein kan setje vilkår for å betre landskaps- og opplevingsverdi i dei områda som er viktige for friluftsliv.

#### **Aktuelle tiltak:**

Vi meiner dagens krav til slepp av minstevassføring i Bjoreio ikkje er tilstrekkeleg, og at det er behov for auka vassføring i vassdraget. I tillegg må ein sikre slepp av vatn både sommar- og vinterstid. Det må i revisjonsprosessen gjennomførast undersøkingar for å avdekke kva slags drift/effektkjøring som gir den beste økologiske tilstanden for vassdraget. Ein bør også vurdere magasinrestriksjonar i Rembedalsvatnet av omsyn til landskap og friluftsliv.

Vi forventar at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggas til grunn i revisjonsprosessen.

Vennleg helsing

Johanna Myrseth Aarflot  
Fylkeskoordinator  
FNF Hordaland

Nils Tore Skogland  
Dagleg leiar  
Naturvernforbundet Hordaland

Alv Arne Lyse  
Fylkessekretær  
NJFF Hordaland

Helene Ødven  
Dagleg leiar  
Bergen og Hordaland Turlag



**Naturvernforbundet**  
i Hordaland



Bergen og Hordaland Turlag



#### **Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
Eidfjord kommune